

## **VEDTEKTER FOR SANDE KULTURSKULE**

*Vedtekne i kommunestyret 26.1.16 - Gjeldande frå same dato.*

1. Sande kommune skal gje eit kulturskuletilbod i samsvar med Opplæringslova §13.6 og Rammeplan for kulturskulen innanfor dei rammer som til ei kvar tid er fastsette av kommunestyret i Sande.
2. Alle som vil verte elevar ved Sande kulturskule må levere påmelding på fastsett skjema. Påmeldinga er bindande og gjeld for eitt skuleår. Dato for oppseiing er den same som for påmelding og er sett til 1. mai. For born og unge under 18 år, må skjema underteiknast av føresette.
3. Dei som har fått elevplass ved kulturskulen, eig plassen til han vert oppsagt skrifteleg. Det er ikkje nok å gje melding til lærar. Elevplassar kan ikkje «gå i arv» eller overtakast av sysken. Eleven eig elevplassen også ved søknad om endring av disiplin, til plassen vert skrifteleg oppsagt. Ved utmelding etter frist, er ein å rekne som elev ved kulturskulen følgjande skuleår.
4. Kulturskulen kan registrere påmeldingar heile året. Opptak kan også gjerast i løpet av skuleåret, dersom det er ledig kapasitet. Kriteria for opptak frå ventelista er påmeldingsdato, alder på søkjar og ei totalvurdering frå rektor og faglærar.
5. Skuleåret er delt inn i 2 semester, haust/vår. Undervisninga ved Sande kulturskule startar i veke 35 og fylgjer skuleruta til grunnskulen.
6. Satsane for elevplass vert fastsette av kommunestyret, og krav om brukarbetaling vert sende frå økonomikontoret haust og vår. Satsane vert reviderte i desember kvart år. Kulturskulen har pr. dato 20% moderasjon for sysken. Ved manglande betaling vil ein miste plassen.
7. Fritak for elevavgift ved utmeldingar midt i eit skuleår kan ikkje imøtekomast, men ved flytting eller legeerklært sjukdom kan ein søkje til Sande kommune om fritak frå nyttår. Det må betales full elevavgift ved påbegynt semester. Elevane må sjølve dekke kostnader til notar og anna undervisningsmateriell.
8. Sande kulturskule har eit avgrensa tal instrument for utleige. Utleige skjer mot føresette si underskrift på eige skjema. Avgifta er for tida kr. 500,- pr. år. Elevane skal sjølve dekke utgifter til strengar. Dersom instrumentet vert skadd, skal det straks meldast frå til Sande kulturskule. Elevar/føresett må sjølve betale for skaden om den skuldast vordlaus eller dårleg handsaming av instrumentet. Maksimumstid for leige av instrument er tre år. Leige utover dette må avtalast med kulturskulen.
9. Sande kulturskule kan ved kortidssjukdom, der det er vanskar med å skaffe vikar, avlyse enkelttimar utan at skulepengane vert refunderte. Elevane må rekne med endringar i timeplanen ved Sande kulturskule sine prosjektframføringar.
10. Elevar skal møte presis og godt budd til undervisning. Sjukdom og anna fråver skal varslast direkte til lærar. Forsømte timar vert ikkje erstatta.
11. Eventuelle klager skal sendast til Sande kommune.